



Helse Møre og Romsdal Hf
Postboks 1600
6026 ÅLESUND

Vår referanse
20/292 20/1370

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Trond Arne Aglen

Dato
16.03.2020

| Sakstype | Saksnr. | Utval |
|----------|---------|---------------|
| DS | 04/20 | Kommunestyret |

Utgående delegert vedtak - Sande kommune – vedtak etter lov om vern mot smittsame sjukdomar §4-1.

Vedtak:

I samband med spredning av Covid-19 har kommunedirektøren fatta følgande vedtak:

- Samfunnsbåten AMBU skal innstille ordinær rutetransport med verknad frå måndag 16.03.2020 kl 17:00.

Rettslig grunnlag:

Smittevernlova §1-1 skal sikre at myndigheitene setter i verk nødvendige smitteverntiltak mm.

Smittevernlova §1-5 stiller krav om at smitteverntiltak skal vere basert på ei klar medisinfraglig grunngeving m.m.

Smittevernlova §4-1 gir heimel for omfattande smitteverntiltak, herunder møteforbod, stenging av verksemder, begrensing av kommunikasjon, isolering og smittesaning.

Grunngeving for vedtaket:

Covid-19 er av globale og nasjonale helsemyndigheiter erklært som eit alvorlig utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom.

Sande kommune er ei lita og sårbar kommune, der eit større utbrot av koronasmitte vil kunne få store konsekvensar, får både tilsette og brukara. Formålet med vedtaket og tiltaka er å utsette/drøye ei smittespreiing i håp om å unngå ein samla stor smittetopp.

Tiltaka er diskutert og avklart med kommuneoverlegen og ordførar.

Det vert presisert at det er AMBU sin ordinære rutetransport som gjennom dette vedtaket vert innstilt. AMBU som kommunen sin beredskapsbåt vert vidareført etter etablerte ordningar.

Klage:

Fylkesmannen er klageinstans på vedtak som kommune fattar etter reglane i smittevernloven. Klagen skal sendast til Sande kommune.

Ikrafttredelse:

Vedtaket gjeld frå 16.03.2020 kl 17:00 og vil gjelde fram til nytt vedtak ligg føre.

Andre forhold:

Sande kommune sitt vedtak opphevar ikkje vedtak gitt av andre myndigheiter.

Med helsing

Trond Arne Aglen
kommunedirektør

Kopi til
Sande Båtutleige AS

6087

KVAMSØY

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Sande kommune
Rønnebergplassen 17
6084 Larsnes

www.sande-mr.kommune.no
postmottak@sande-mr.kommune.no

Sentralbord: 70 02 67 00
Org. nr: 822 534 422
Kontonr: 3906.07.50061